

## **Kommunestyret si handsaming av sak 102/2024 i møte den 19.12.2024:**

### **Handsaming**

#### **Frå formannskapet låg det føre slik tilråding:**

1. Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 vert vedteke slik det ligg føre og med dei føringar og premissar som går fram av dokumentet. Økonomiplanen er samfunnsplanen sin handlingsdel og dokumentet med vedlegg utgjer det overordna styringsdokumentet for den kommunale verksemda for åra 2025-2028.
2. Løyvingsoversikter etter budsjettforskrifta § 5-4 og § 5-5 vert vedteke slik det går fram i budsjettdokumentet i kapittel 7 (jf. tabell 7.1 og tabell 7.2) og i kapittel 8 (jf. tabell 8.1 og tabell 8.2).
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettere inntil avsett lønspott frå fellesområdet til kommunen sine sektorar og einingar når lønsoppgjeret er kjent.
4. Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån til finansiering av investeringsprosjekt. Samla lånesum er kroner 288,8 mill. kroner i 2025 jf. kommunelova § 14-15
5. Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån i Husbanklån til vidareutlån for 2025 på 40 mill. kroner jf. kommunelova §14-17.
6. Kommunestyret godkjenner vidareføring av ramme for kassakreditt på 100 mill. kroner jf. kommunelova § 14-15, tredje ledd.
7. Med heimel i eigedomskattelova §§ 2 og 3, vert det fatta fylgjande vedtak om utskriving av eigedomsskatt i Sogndal kommune for 2025:
  - a. Utskrivingsalternativ for 2025, skatt skal skrivast ut på: Faste eigedomar i heile kommunen (eigedomskattelova § 3 fyrste ledd bokstav a).

b. Skatteetaten sitt formuesgrunnlag vert nytta for utskriving av skatt på bustadeigedomar (eigedomskattelova § 8 C-1).

c. Fritak frå eigedomsskatt: Eigedomar som i 2024 har fått fritak etter eigedomskattelova §§ 7 bokstav a og bokstav b får tilsvarande fritak i 2025. Fritak etter eigedomskattelova § 7 kan bli gjeve til andre kvalifiserte eigedomar etter søknad, før utskriving finn stad i 2025.

d. Skattesatsar for 2025: Generell sats på 7 promille for heile kommunen (gjeld næringseigedom, energianlegg, tomter osv.). Skattesats på 4 promille for bustadeigedom og fritidseigedom i heile kommunen.

e. Tal terminar (eigedomsskattelova § 25): Eigedomsskatten skal betalast over 2 terminar, men med tilbod om fleksibel fakturering, fordelt på inntil 12 månader.

8. Klimabudsjett med oppdatert tiltaksplan for 2025 – 2028 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 2

9. Prishefte 2025 for Sogndal kommune vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 3. Kommunedirektøren får fullmakt til eventuell oppretting og mindre justering av satsane.

10. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere ned unyttta budsjетtrammer på investeringsprosjekt i 2024 og tilsvarande auke 2025.

11. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sette i gang ein pilot med auka bemanning i nokre barnehagar i våren 2025, barnehageåret 2025 - 2026 og 2026-2027 med til saman fem årsverk.

Utval for levekår skal følgje piloten tett gjennom løpande orienteringar frå kommunedirektøren

Piloten med auka grunnbemanning skal evaluerast midtvegs for å svare ut spørsmål om piloten skal halde fram, utvidast eller avviklast.

Piloten er for våren 2025 og barnehageåret 2025-2026 finansiert av fondsmidlar

12. Redaksjonell endring: Erstatte ordet "framandspråklege" med "minoritetsspråklege" i siste kulepunkt på s 49 og elles der ordet er brukt i budsjett og økonomiplan.

13. Kr 500.000 til velferdstiltak ansatte vert dekkja av disp.fond.

14. Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 vert oppdatert med endra investeringsramme for utbygging Saften til 63 mill ink. mva.

### **Endringsframlegg:**

#### **Arnstein Menes, Senterpartiet:**

SP fremjar opp at framlegget frå formannskapet om omfordeling av kulturmidlar:

Omfordele midlar innan kultursektoren slik:

- Redusere årleg tilskot til Balejazz med 50 000,- kr
- Redusere årleg tilskot til Sogndal Fjellsport AS med 75 000,- kr
- Auke tilskot til Driftstilskot born og unge med 125 000,- kr

Habilitet: Kommunestyret fann representanten Erlend Fardal Lunde ugild etter forvaltningslova §6, 2 ledd til å delta i avrøystinga av saka.

**Avrøysting:** Framlegget fekk 14 røyster frå Senterpartiet (7), Høgre (4), Miljøpartiet dei grønne (1), Raudt (1), Margrete Haug (Krf) ,og framlegget fall.

#### **Vibeke Johnsen, Sosialistisk Venstreparti:**

Tilleggsframlegg: Nytt avsnitt etter siste avsnitt i 6.3.3:

Kommunestyret ber om ei orientering om resultatet av TØRN-prosjektet, og at administrasjonen frå dette vurderer pilot for auke i grunnbemanninga i helse og omsorg. Ein ev pilot skal sjåast i samanheng med anna utgreiings- og utviklingsarbeid i sektoren for å sikre gode tenester innanfor vedtekne økonomiske rammer.

**Avrøysting:** Framlegget fekk 9 røyster frå Sosialistisk venstreparti (4), Raudt (1), Miljøpartiet dei grønne (1), Arnt Erik Nordheim (H), Håkon Nesse (H) og Keyty Planeta (Ap) og framlegget fall

#### **Rita Navarsete, Framstegsparti:**

1. Eigedomsskatten aukast ikkje frå 3,1 til 4 promille som budsjettert

Reduksjon på 0.9 promille ca 12 millionar.

Inndekning ved å redusere leasing/driftskostnad i klima budsjett med 6 mill. (mindre leasa køyretøy)

Redusere administrative stillingar med 6 mill. Kommunedirektøren kjem med forslag på kvar og korleis.

**Avrøysting:** Framlegget fekk 3 røyster frå Framstegspartiet og framlegget fall.

2. Løyve 150 000,- til Kvåle Skule, nytt inventar i kantine. Inndekning,

Disposisjonsfond.

**Avrøysting:** Framlegget fekk 3 røyster frå Framstegspartiet og framlegget fall.

3. Løyve 200 000,- til Bygdabok for Norane. Inndekning , Disposisjonsfondet

Habilitet: Kommunestyret fann representanten Rune Haug (Frp) ugild etter forvaltningslova §6, 2 ledd til å delta i avrøystinga av punktet.

**Avrøysting:** Framlegget fekk 16 røyster frå Arbeidarpartiet (8), Framstegspartiet (2), Kristeleg folkeparti (2), Raudt (1), Magne Bruland Selseng (Sp), Espen Sæterbø (Sp), Arne Monrad Johnsen (Sp) og framlegget vart vedteke

### **Arnt Erik Nordheim, Høgre og Raudt:**

Endringsforslag:

Side 63: Pkt. 8.2 Prosjektomtalar, tredje avsnitt skal lyde:

Utbygging skule, basishall og fleirbrukshall Sogndal Sentrum

Kostnadsramma i økonomiplanen er eit førebels estimat. Utlyst og gjennomført konkurranse skal avlysast, og prosjektet lysast ut på nytt med basishall, i tråd med kommunestyrevedtak 11/23. Pris skal vektast opp som kriterium til 60 %. Total kostnadsramme i planperioden er 530 mill. kr.

**Avrøysting:** Framlegget fekk 6 røyster frå Høgre (4), Raudt (1), Rita Navarsete (Frp) og framlegget fall

### **Knut Henning Grepstad, Arbeidarpartiet:**

Nytt punkt 1:

Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 vert vedteke slik det ligg føre og med dei føringar og premisser som går fram av dokumentet, samt vedtak i i sak 98/2024,

99/2024, og 100/2024. Økonomiplanen er samfunnsplanen sin handlingsdel og dokumentet med vedlegg utgjør det overordna styringsdokumentet for den kommunale verksemda for åra 2025- 2028.

**Avrøysting:** Framlegget vart vedteke mot røysta til Raudt.

Nytt punkt 2:

Løyvingsoversikter etter budsjettforskrifta § 5-4 og § 5-5 vert vedteke slik det går fram i budsjettdokumentet i kapittel 7 (jf. tabell 7.1 og tabell 7.2) og i kapittel 8 (jf. tabell 8.1 og tabell 8.2), med endringane som følgje av vedtak i sak 98/2024, 99/2024, og 100/2024.

**Avrøysting:** Framlegget vart vedteke mot røystene til Framstegspartiet (3) og Raudt (1).

Nytt punkt nr 4

Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån til finansiering av investeringsprosjekt. Samla lånesum er kroner 278,4 mill. kroner i 2025 jf. kommunelova § 14-15.

**Avrøysting:** Framlegget vart vedteke mot røystene til Framstegspartiet (3).

**Håkon Nesse, Høgre:**

Framlegg 1

Sogndal Høgre føreslår endring

side 28, tabell 4.5.1:

Skattesats for eigedomsskatt vert auka til 3,5 promille, i staden for 4.

Inndekking (ca 6 mill.kr) skjer ved bruk av Disposisjonfond, 6 mill kr.

**Avrøysting:** Framlegget fekk 5 røyster frå Høgre (4) og Frode Bøthun (Krf) og framlegget fall

Framlegg 2

Høgre ynskjer å legg inn 10 mill til oppstart/planlegging basseng i

Leikanger frå 2027 ev 2028 for å få dette arbeidet i gang.

**Avrøysting:** Framlegget fekk 15 røyster frå Senterpartiet (7), Høgre (4), Raudt (1), Miljøpartiet dei grøne (1), Anna Helen Hamre (Sv), Inga Henjum Halsnes (Sv) og framlegget fall.

## **Bjørn Christian Weinbach, Raudt:**

Budsjettforslag frå Raudt (arkivert i sak 2024/1457 - 58 )

**Avrøysting:** Framlegget fekk ei røyst frå Raudt, og framlegget fall.

### **Avrøysting:**

Kommunestyret røysta punktvis over tilrådinga frå formannskapet.

Tilrådinga frå formannskapet 1,2 og 4 er endra

Punkt 3: vart samrøystes vedteke

Punkt 5: vart vedteke mot røystene til Framstegspartiet (3)

Punkt 6: vart samrøystes vedteke.

Punkt 7: vart vedteke mot røystene til Framstegspartiet (3)

Punkt 8: vart vedteke mot røystene til Framstegspartiet (3)

Punkt 9: vart samrøystes vedteke.

Punkt 10: vart samrøystes vedteke.

Punkt 11: vart samrøystes vedteke.

Punkt 12: vart samrøystes vedteke.

Punkt 13: vart samrøystes vedteke.

Punkt 14 i tilrådinga frå formannskapet går ut.

### **Vedtak**

1. Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 vert vedteke slik det ligg føre og med dei føringar og premisser som går fram av dokumentet, samt vedtak i i sak 98/2024, 99/2024, og 100/2024. Økonomiplanen er samfunnsplanen sin handlingsdel og dokumentet med vedlegg utgjer det overordna styringsdokumentet for den kommunale verksemda for åra 2025- 2028.

2. Løyvingsoversikter etter budsjettforskrifta § 5-4 og § 5-5 vert vedteke slik det går fram i budsjettdokumentet i kapittel 7 (jf. tabell 7.1 og tabell 7.2) og i kapittel 8 (jf. tabell 8.1 og tabell 8.2), med endringane som følgje av vedtak i sak 98/2024, 99/2024, og 100/2024.

3. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettere inntil avsett lønspott frå fellesområdet til kommunen sine sektorar og einingar når lønsoppgjeret er kjent.
4. Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån til finansiering av investeringsprosjekt. Samla lånesum er kroner 278,4 mill. kroner i 2025 jf. kommunelova § 14-15.
5. Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån i Husbanklån til vidareutlån for 2025 på 40 mill. kroner jf. kommunelova §14-17.
6. Kommunestyret godkjenner vidareføring av ramme for kassakreditt på 100 mill. kroner jf. kommunelova § 14-15, tredje ledd.
7. Med heimel i eigedomskattelova §§ 2 og 3, vert det fatta fylgjande vedtak om utskriving av eigedomsskatt i Sogndal kommune for 2025:
  - a. Utskrivingsalternativ for 2025, skatt skal skrivast ut på: Faste eigedomar i heile kommunen (eigedomskattelova § 3 fyrste ledd bokstav a).
  - b. Skatteetaten sitt formuesgrunnlag vert nytta for utskriving av skatt på bustadeigedomar (eigedomskattelova § 8 C-1).
  - c. Fritak frå eigedomsskatt: Eigedomar som i 2024 har fått fritak etter eigedomskattelova §§ 7 bokstav a og bokstav b får tilsvarende fritak i 2025. Fritak etter eigedomskattelova § 7 kan bli gjeve til andre kvalifiserte eigedomar etter søknad, før utskriving finn stad i 2025.
  - d. Skattesatsar for 2025: Generell sats på 7 promille for heile kommunen (gjeld næringseigedom, energianlegg, tomter osv.). Skattesats på 4 promille for bustadeigedom og fritidseigedom i heile kommunen.
  - e. Tal terminar (eigedomsskattelova § 25): Eigedomsskatten skal betalast over 2 terminar, men med tilbod om fleksibel fakturering, fordelt på inntil 12 månader.
8. Klimabudsjett med oppdatert tiltaksplan for 2025 – 2028 vert vedteke slik det ligg

føre i vedlegg 2

9. Prishefte 2025 for Sogndal kommune vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 3. Kommunedirektøren får fullmakt til eventuell oppretting og mindre justering av satsane.

10. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere ned unyttta budsjettrammer på investeringsprosjekt i 2024 og tilsvarande auke 2025.

11. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sette i gang ein pilot med auka bemanning i nokre barnehagar i våren 2025, barnehageåret 2025 - 2026 og 2026-2027 med til saman fem årsverk.

Utval for levekår skal følgje piloten tett gjennom løpande orienteringar frå kommunedirektøren

Piloten med auka grunnbemanning skal evaluerast midtvegs for å svare ut spørsmål om piloten skal halde fram, utvidast eller avviklast.

Piloten er for våren 2025 og barnehageåret 2025-2026 finansiert av fondsmidlar

12. Redaksjonell endring: Erstatte ordet "framandspråklege" med "minoritetsspråklege" i siste kulepunkt på s 49 og elles der ordet er brukt i budsjett og økonomiplan.

13. Kr 500.000 til velferdstiltak ansatte vert dekkja av disp.fond.

14. Løyve 200 000,- til Bygdabok for Norane. Inndekning , Disposisjonsfondet